

INGENIØR JOSTEIN BØ
Kråkvika 33
6390 VESTNES

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	PLAN-22/00007-2	Jan Rune Jacobsen +47 95104369	03.02.2022

Reguleringsplan BN10 Sessneset - Referat oppstartsmøte

Plankonsulent	INGENIØR JOSTEIN BØ
Forslagsstiller	SÆTRE MATFISK AS

1. Presentasjon av deltakarane: Jostein Bø frå konsulenten, Jarle Løvik frå Sætre Matfisk, einingsleiar Emil Balstad og planansvarleg Jan Rune Jacobsen frå Vestnes kommune.
2. Formålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for produksjon av matfisk på land.
3. Presentasjon av tiltaket vart gjort av tiltakshavar og deira representant (konsulent).
4. Planstatus i dag: Aktuelt areal er vist som næringsområde BN10 i kommuneplanens arealdel. Krav om reguleringsplan. I tillegg til det som går fram av planinitiativet er det aktuelt at plana omfattar eksisterande næringsområde ved tidlegare Daugstad skule. Ved ein inkurie er ikkje dette området vist som eksisterande næringsområde i kommuneplanens arealdel, slik intensjonane var.
5. Aktuelle forhold:
 - Arealbruksinteresser-/konflikar: Tilhøve for eksisterande naust på BN10 må avklarast og likeins behov for fylling i sjø/peling for kai. Tilhøva for etablert ballbinge ved tidlegare Daugstad skule må også avklarast. Buffersone mot elva er aktuelt i begge områda.
 - Tilkomst/vegrettar: Tilkomst til begge områda via avkjørslar frå fylkesvegen
 - VA-anlegg: Privat vassverk og avløp
 - Forhold til andre myndigheiter, behov for innhenting av uttale: Etter adresseliste.
 - Behov for KU: Ikkje vurdert nødvendig utover utgreiingsbehov nemnt i planinitiativet og sidan BN10 er avklart i kommuneplanen.
6. Sakstype / saksgang / ansvarsforhold. Privat reguleringsplan, der tiltakshavar varslar oppstart og ellers gjeld prosedyrene i PBL
7. Kostnader og gebyr. Gebyr for saksbehandling privat reguleringsplan er kr. 50 400.-.
8. Med visning til kommuneplanen, planinitiativet og dette referat kan planarbeidet startast opp

Med helsing

Jan Rune Jacobsen
Planansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent

